



KLATRARAR: Rasmus Väinö Thomsen og Malte Skovgaard er begge aktive i klatremiljøet i Bø. FOTO: Vilde Einan

Lokalbefolkninga er ikkje klar over kor kjend Bø er i klatremiljøet

Klatretilbodet for barn er nesten sprengt, no vil studentane i klatreklubben ha inn dei vaksne i bygda òg.

Vilde Einan | Publisert 15. jul 21 kl. 06:00

Del

ABONNEMENT

Bø klatreklubb ønskjer at lokalbefolkninga skal få auga opp for dei mange klatremogleheitene i Bø.

Det har lenge vore stor klatreentusiasme blant studentane i Bø, kanskje spesielt hos friluftslivstudentane. For var det som i dag heiter Bø klatreklubb ei gruppe med studentar som ynskja å nytte seg av dei mange mogleheitene for klatring i Bø.

Dei siste åra har den tidlegare studentgruppa valt å satse meir på lokalbefolkninga. No er klubben ein offisiell klubb og medlem av Norges idrettsforbund.

I dag får klubben midlar av blant anna Noregs Idrettsforbund og Noregs klatreforbund. Leiar for klubben, Sigrun Ente, seier at nokon av midlane vil gå til å fremme klubben. Ikkje berre for barn, men òg for vaksne i kommunen.

Populært for borna

Malte Skovgaard er trenar på dei organiserte barnetreningane i tillegg til nestleiar i klubben. Etterspørselen har vore så stor at dei til no har tre grupper med unge klatrarar. To grupper med born frå 6 til 10 år og ein gruppe frå 10 til 14 år.

– Respsen har vore utruleg bra, tilbodet har blitt veldig populært, fortel trenaren.

I tillegg blir det arrangert fellesklatringar ein gong i veka for alle uavhengig av alder og erfaring.

– Om somrane er me mest ute for å klatre, medan om vinteren klatrar me i buldrerom eller på Gullbring, seier Skovgaard.

– Det hadde vore kult om me fekk med fleire vaksne frå kommunen også, seier klatreentusiast Skovgaard.

Ente fortel at etterspørselen på barneklatringane har vore så stor at kapasiteten nesten er sprengt.

– Eit mål må vere at klatretilbudet skal likne handball- og fotballtilbodet i Midt-Telemark, seier Ente.



LEIAR: Sigrun Ente er student ved USN og leiar for Bø klatreklubb. FOTO: Privat



NYTT KLATREFELT: For litt over eit år sidan laga Klatreklubben i Bø nytt klatrefelt ved Erikstein. FOTO: Vilde Einan

Vil engasjere vaksne

Rasmus Väinö Thomsen er også svært engasjert i klatreklubben. Han er anleggsansvarleg og jobbar med økonomi i gruppa.

– For var klatregruppa i Bø meir ei lukka gruppe for studentar. Dei siste åra har me opna opp blant anna for barneidrett, seier Thomsen.

No ynskjer styret å få meir engasjement blant vaksne i området. Ente fortel at dei prøver å nå ut til foreldre til unge klatrarar, men at dei slit med å nå ordentleg ut til den eldre delen av innbyggjarane.

– Bø har tallause klatremulegheiter med ulike felt. Lokalbefolkninga er ikkje klar over kor kjend Bø er i klatremiljøet utanfrå, seier styreleiar.


Open klatredag

No i sommar er det pause frå organiserte treningar og samlingar, men ved skulestart vil klubben arrangere opne klatredagar for både vaksne/studentar og familiar med born.

Kring skulestart skal det arrangerast ein klatredag på klatrefeltet ved Espedalen. Arrangementet er fritt for alle, og målet er at folk skal få auga opp for klatring i Bø.

– Det er berre å møte opp, ein vil få låne alt ein treng av utstyr, seier Thomsen.

På forsida nå



Dei mest populære Gulltrimmen-postane har fleire tusen besøk

ABONNEMENT



Seriøs kritikk er viktig for demokratiet

ABONNEMENT

18 drukningsulykker i sommar


ABONNEMENT



Trur ikkje noko straffbart har skjedd


ABONNEMENT

Mest lest siste sju dagar



– Han står på med lange arbeidsdagar sju dagar i veka.

ABONNEMENT



Frå Kongsberg til Norsjø med tog, sparkeykkel og vassbrett på ryggen

ABONNEMENT



Deltok i Trollveggen Triathlon med svært godt resultat

ABONNEMENT